

Sveio 01.10.2008

Til Arbeids- og inkluderingsdepartementet,
Innvandringsavdelingen,
Postboks 8019 Dep,
0030 Oslo

Høyring- endring av utlendingsføresegna §49 – bortfal av opphaldsløyving:

Kystpartiet syner til høyringsnotat frå Arbeids- og Inkluderingsdepartementet om endring i § 49 i utlendingsføresegna.

Kystpartiet registrerar at Regjeringa har varsla fleire tiltak for å hindra den store auken i talet på millom anna grunnlause asyl- og flyktningssøknader. Kystpartiet ynskjer Regjeringa i so måte velkomen etter. Kystpartiet har lenge teke til ordet for ein meir realistisk tilnærming i høve til denne problematikken enn det som har vore gjengs politikk.

Kystpartiet meiner difor at framlegget om endring i § 49, lett kan sjåast på som ei uheldig liberalisering. Dette avdi framlegget vil "*lette på krava*" for å få framhald av busetnadsretten i landet, ved at det vert stilt krav om kortare opphaldstid i landet. Det er i so mange utantak frå hovudregelen i § 49 alt i dag, at mange av dei aktsame grunnane til opphald utanfor riket er teke i vare.

Dette vil kunna svekkja den tiltenkte signaleffekten av dei varsla tiltaka som Regjeringa har varsla i asyl- og flyktningpolitikken.

Med venleg helsing for Kystpartiet:

Hildur Larsen, Partisekretær